



Velfortent rast på toppen.

(Foto: Bård Svardal)

Gå under jernbana og følg Stølsvegen oppover lia. Dette er gamlevegen inn til Ridalen. På 1930-talet tok denne vegen over for klovstigen inn til stølane. Vegen slyngar seg fint oppover lia. På Kvilesteinen, ca 2/3 oppe på Stølsvegen, har fire av karane som bygde vegen sett merke etter seg.

Der Stølsvegen møter Ridøla og nyvegen inn Ridalen, heiter det Munnen. Rett før brua over Ridøla tar du av til høgre. Stigen er synleg dei fyrste 10 metrane, før den forsvinn i kraftutbygging, men snart finn du stigen att til høgre for elva. Ved Vesletjørn passerar du ei lita bu der du også finn skogshytta som Anders Rudningsdokken sette opp. Like ved hytta står ein omn som vart brukt til tjærebrenning.

Etter kvart tar stigen av mot høgre og går bratt opp lia. Når du kjem opp på eit myrparti tar du meir mot høgre, og etter ei kraftig stigning når du toppen. Der blir du belønna med flott utsikt over dalen.



Følg rv7 til Torpo sentrum, ta av mot Torpo Stasjon. Sving til venstre etter å ha kryssa Hallingdalselva og følg grusvegen opp på fjellet. Etter ca 3 km stigning tar du til venstre på ein gammal kjerreveg.



Parkering langs kjerrevegen.



ca. 4 km.




Ta ein liten rast før eller etter turen og sjå Torpo Stavkyrkje frå 1100-



Nokon bratte parti, men passsar for dei fleste.

For meir detaljert kart:

Veståsen/Sangefjell, tur og fritidskart, 1:50 000



Ål Turlag på bratt stig.

(Foto: Bård Svardal)